

Knarvikmila/aks-77
v/Helge BrekkeDato: 09.05.2014
Vår ref.: 2014/12424-57
Saksbehandlar: ellsynn
Dykkar ref.:

Tilskot til fysisk aktivitet i eit folkehelseperspektiv 2014 - Tilsegn om kr 50 000,- til prosjektet "Lettare til fots".

Vi viser til søknaden dykkar datert 15.02.14. Vi er glad for å melde at Hordaland fylkeskommune løyver kr 50 000,- til prosjektet "Lettare til fots" frå budsjett for Folkehelse 2014.

UTBETALING

Beløpet vert overført så raskt som råd etter de har fylt ut og sendt inn vedlagt akseptskjema. Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetaling skal betalast attende snarast.

VURDERINGSGRUNNLAG

Hordaland fylkeskommune fekk i 2014 kr 900 000,- til fordeling frå Helsedirektoratet. Det kom inn 37 søknadar innan fristen. Fordelinga er samordna med andre fylkeskommunale og statlege tilskotsordningar innan fysisk aktivitet og friluftsliv. Vi ser at vilkår og kriterier for tildeling er oppfylt for dykkar prosjekt, og etter ei samla skjønsmessig vurdering får de tilsegn.

PROSJEKTGRUNNLAG OG ORGANISERING

Målet med prosjektet er i fylgje søknad å auke grad av fysisk aktivitet hjå folk med lågt aktivitetsnivå, med spesielt fokus på uorganisert ungdom. Dette vil dei oppnå ved å arrangere mosjons- og treningsturar på grusløype med instruktørar.

Kontaktperson for prosjektet: Helge Brekke

GODKJENDE KOSTNADAR OG GODKJEND FINANSIERINGSPLAN

Godkjende kostnadar

Totale kostnadar	kr	100 000
Sum	kr	100 000

Godkjend finansieringsplan

Hordaland fylkeskommune 2014, budsjettområde Folkehelse	kr	50 000
Annan finansiering	kr	50 000
Sum	kr	100 000

VILKÅR FOR TILSKOT

- Tilsegnsmottakar må signere vedlagt akseptskjema og sende til fylkeskommunen så raskt som mogleg, og seinast **innan 3 veker**.
- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt prosjektplan.
- Tilsegnsmottakar skal levere rapport og sluttrekneskap som nemnt under.

- Det er ein føresetnad at prosjektet vert finansiert slik godkjend kostnads- og finansieringsplan ovanfor viser. Om dette kravet ikkje er oppfylt kan tilskotet bli skjønsmessig avkorta, eller krevjast betalt tilbake.
- Midlane skal nyttast i løpet av 2014. Ved ubrukte midlar, ta kontakt innan **30.11.14**.

Profilering

I alle presentasjonar av og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegnsmottakar å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune.

Rapportering og sluttrekneskap

Seinast innan **15. desember 2014** skal tilsegnsmottakar sende sluttrapport og sluttrekneskap til Utviklingsseksjonen ved Hordaland fylkeskommune. Sluttrekneskapsskjema er vedlagt. Skjema for rapportering vert ettersendt.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll. Riksrevisjonen har også høve til slik kontroll, jf. Stortinget sitt løyvingreglement §10.

Klage/innsyn i dokumenta

Behandling av søknadar i tilskotsordninga vert ikkje sett på som enkeltvedtak, og i fylgje Forvaltningslova § 2, første ledd bokstav a og b, er det ikkje klagerett.

Vi gjer merksam på at de etter forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Kontaktperson

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for tilskotsordninga er Ellen Strøm Synnevåg, tlf 55378017, e-post Ellen.Strom.Synnevag@hfk.no.

Ved spørsmål etter 15.07.14, ta kontakt med Anne Mette Nesje Porten, e-post anne.mette.nesje.porten@hfk.no.

Fylkeskommunen ynskjer lykke til med gjennomføringa av prosjektet!

Med helsing

Bård Sandal
Regionaldirektør

Ellen Strøm Synnevåg
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Akseptskjema
Sluttrekneskapsskjema